

# Stort dokument or

## Storslått. Fantastisk!

Det er ikkje lett å finne ord som kan beskrive førpremieren på Lars Kristian Singelstad sin film «Dimitrijs spor». Det beste hadde vore om alle kunne vere til stades.

Klokka nærmar seg åtte sist laurdag kveld. Eit publikum på nærare 350 samlar seg rundt den raude løparen ved inngangen til Rauma kulturhus. Svarte dressar og vakre kjolar og ei stemning prega av stor forventning. Oppe ved gata stiller dei viktigaste skodespelarane i filmen seg opp. Saman med lyd-mann og fotograf står dei for å hylle kveldens tre hovudpersonar; filmskaparen Lars Kristian Singelstad og to av dei som var med på heltedåden under krigen; Selma Moldsvor og Henry Berg. Entreen skjer til trampeklapp og hurrarop. Og med det blir Trollstolen i Rau-

ma kulturhus fylt til siste stol av inviterte gjester som regisøren ville takke. Skodespelarar, medhjelparar, familie og vener. Eit to og eit halvt år langt prosjekt var fullført, og klart til å kunne bli pakka ut.

– På mange måtar eit dristig prosjekt fordi det grip inn i ei historie som så mange har eit forhold til. Men eg har vore tru mot den sanne historia og har prøvd å gjenskappe det som skjedde så nært opp mot det verkeleg som råd, sa Lars Kristian Singelstad før han nytta høvet til å takke og prise alle som hadde gjort sitt til at filmen kunne bli realisert. Han sa og at han var stolt av at filmen hadde blitt til med eit budsjett på berre 300.000 kroner nettopp takka vere stor innsats frå mange.

– Men hadde eg visst kor mykje arbeid det skulle komme til å bli og kor mykje uro og bekymringar det skulle komme til å skape, ja, så hadde eg vel ikkje gått i gang. Av og til kan det faktisk vere bra å vere litt naiv, sa filmskaparen før filmen kunne rulle for sitt første

publikum.

Og mottakinga vart overveldande.

– Den som ikkje er rørt no, ja den kan vi ikkje hjelpe», sa onkel Jan Valde då han helsa frå onklar og tanter og søskenbarn og overrekte både blomar og eit abonnement på lokalavisa. Han beskrev filmen som eit stort meisterverk. Det same gjorde kultursjef Harald Krøvel og takka den unge filmskaparen med ei pengegave frå Rauma kommune. – Måtte filmen bli brukt som ein del av vår historiske identitet, sa Krøvel.

Og heller ikkje frå salen ville hyllestene nokon ende ta. Gong etter gong runga tilrop og taktfast applaus før ein svært rørt konferansier, Nils Ivar Heggem, avslutta det heile med orda; Eg er stolt av å kjenne seg, Lars Kristian!.

Stein Siem

stein.siem@andalsnes-avis.no  
71 22 77 25, mobil: 915 10585



*Levande kjelder. Selma Moldsvor og Henry Berg, i tillegg til Ingvall Moldsvor som no har gått bort, har gitt det historiske grunnlaget for filmen «Dimitrijs spor».*

## – Sterk og svært realistisk

**Takketale.** Den ferdige filmen «Dimitrijs spor» har blitt eit sterkt møte med sitt eige liv for Selma Moldsvor. 82-åringen tok ordet straks etter at filmen var vist.

– Filmen er sterk og realistisk. Vi

må aldri la landet vårt meir kome i den situasjon som vi ser i denne filmen. Eg trur det berre er Gud som kan berge landet vårt frå ei slik katastrofe og det ber eg om kvar dag, sa Selma Moldsvor då ho takka Lars Kristian Singelstad for at han har laga filmen og med det teke vare på den sanne historia frå krigen i 1944. Så siterte ho sal-

mediktaren Elias Blix og fekk med seg heile salen på å reise seg og syngje «Gud signe vårt dyre fedreland».

Selma Moldsvor er glad for at filmen har blitt så realistisk og at historia har blitt så tett opp til det som verkeleg skjedde som ho meiner det har vore råd å få til.

## – Fekk ein overveldande respons

**Sett ut.** – Dette har vore mektig og overveldande. Den enorme responsen vart veldig sterkt for meg, sa Lars Kristian Singelstad.

Det var ein svært lykkeleg, men sliten Lars Kristian Singelstad vi snakka med kort etter førpremier laurdag kveld. Alle dei gode orda, all responsen rundt filmen, all jubel og all trampeklapp, vart nesten for mykje av det gode for den unge filmskaparen, og då mor og far kom for å gje sine klemmar, var tårane ikkje til å halde attende for filmregisøren.

– Det har vore ein hard innspurt og det er ikkje til å leggje

skjul på at det har tært på kreftene, seier Lars Kristian og legg til at han på ingen måte er samfull over tårar i eit slikt høve som dette.

Han seier det har vore timar og dagar med tonnevis av tankar og bekymringar og at han ikkje på nokon måte hadde drøymt om at det skulle bli så arbeidskrevjande som det var.

– Men eg er svært nøgd med filmen og ikkje minst med at Selma Moldsvor står her og seier at filmen er realistisk. Då har eg fått til det eg ville.

– Og no blir det kanskje TV? – Eg vil prøve å få filmen på TV. Vi får sjå om det lykkast. Filmene skal dessutan visast i Oslo og eg er

i dialog både med kinoen i Molde og i Ålesund. Eg vil dessutan gjerne at filmen skal bli brukt i skulen i undervisninga om krigen her i Rauma, seier filmskaparen.



*Mottaking. Publikum, nesten 350 i talet, stod «ringside» og hylta hovudpers-*



*Gåver. Søster Sunniva og søskenbarn Amelia var to av mange som kom med gåver til regisøren. Her vanka det ein pose twist.*

# n store hjerter



onane Selma Moldsvor, Lars Kristian Singelstad og Henry Berg, då dei kom til førpremiere laurdag kveld.

Kva er så interessant med krigen?



**Lokalhistorikar Tor Christian Jevanord:** – Det er eit vanskeleg spørsmål, men eg trur dei aller fleste søkjer med stor interesse etter kva som skjedde med dei som levde før oss. Krigen er nær i tid, det er lett å finne mykje dokumentasjon og det er relativt lett å skaffe seg kunnskap om det som skjedde. Framleis er det folk vi kan snakke med, men no får vi det travelt. Det begynner å haste med dei som enno kan huske frå krigen. Det er mange spennande historier frå krigen og det vekker interesse hos folk.



**Lokalhistorikar Torgeir Næss:** – For min del og heilt sikkert for mange andre sin del, så var historier frå krigen noko vi vaks opp med. Dei vaksne fortalde og fortalde og det gjer at du blir nysgjerrig. For min del er det alltid slik at eg med stor interesse finn fram til bøker der eg kan finne noko frå krigen. Det er ofte sterke historier, i mange tilfelle nære historier. Når det gjeld ungdom trur eg det ofte er slik at dei er i ein livssituasjon der dei vil ha tak i noko av det som skjedde med sine næraste forfedre.



**Lokalhistorikar Mads Langnes:** – Eg trur krigshistorie generelt vekker stor interesse hos mange og ikkje minst på ein plass der historier frå krigen er nær oss heile tida. Tenk berre på bautaer og minnesmerke nesten i kvar bygd og på kvart nes. Eg trur dessutan det har noko å gjere med oppbygginga av landet og fellesskapet som vart skapt gjennom det etter krigen. Vi har levande kjelder overalt og her i Rauma har vi hatt militært nærvær gjennom alle år på Setnesmoen.

## Nært om gode menneske

La Lars Kristian Singelstad få Rauma kommune sin kulturpris for 2007. Filmen «Dimitrijs spor» er den beste søknad eg nokon gong har sett.

Ein russisk krigsfange bankar på ei ukjent dør og møter ukjente menneske i eit ukjent land i Dalsbygda i Isfjorden i 1944. Han står på kne og ber om hjelp. Litt lenger nede i bygda blir han leita etter av tyskerane. Han skal takast på nytt og takast av dage.

Den er denne historia. Det er kampen for å redde eit ukjent menneske sitt liv som er utgangspunktet for Lars Kristian Singelstad sin film «Dimitrijs spor».

Og krigens gru fangar oss. Dramatikk, flukt, redsel, musikk og raske klipp gjev filmen puls frå første sekund. Med driv og tempo og med ei veksling mellom gjenskapte scener og historiene frå livreddarane Selma Moldsvor, Ingvall Moldsvor og Henry Berg, blir filmen eit troverdig historisk dokument. Eit dokument om krig og øydeleggjande krefter, men mest av alt eit dokument om menneske på sitt beste. Om personar som set egne liv på spel, som opnar hjerterom og husrom og som ser eit medmenneske bak språkproblem og ein uniformsfrakk. Filmen «Dimitrijs spor» er eit dokument over ein helte-dåd vi alle har så mykje å lære av. Og dette nære møtet er nydeleg gjenskapt i filmen til Lars Kristian Singelstad. Ikkje minst takka vere regissøren, men like mykje takka vere ærlege og rørende historier frå tre av personane som redda livet til russeren Dimitrij Tsjerkasov. Når så det heile blir verkeleggjørt gjennom gode prestasjonar av lokale skodespelarar, er det skapt ein film som gjer inntrykk og som set seg grundig fast i kroppen.

Lars Kristian Singelstad har vore tru mot den sanne historia. Det er eit avgjerande klokt val som gjer filmen til eit historisk dokument og ikkje ein speelfilm. Eit sterkt fokus på detaljar gjer filmen svært profesjonell og ikkje i nærleiken av å verke amatørmessig. Her går mykje ære også til Stein Lindseth Olsen og Ola Apenes som har stått bak kamera og lyd.

Dag Kåre Mjelva har gjort ein svært god prestasjon som krigsfangen Dimitrij. Han viser redsel og angst og han viser optimisme og resignasjon. Dag Kåre Mjelva viser oss den hårfine balansen det må være å stole på folk du ikkje ein gong kan snakke med. Han viser og glimtet i augene over små gleder i den nesten håplause situasjonen.

Filmen «Dimitrijs spor» er eit stort dokument om store hjerter. Krigshistorie ja, men endå meir ei historie om neste-kjærleik. – Den som ikkje har opplevd krig, veit ikkje kva friheit er, seier Ingvall Moldsvor på slutten av filmen. Sterke ord og ein sterk film til ettertanke i ei egoistisk tid.

Det ville ha vore ærleg fortjent, og det ville ha vore både einestående og nytenkjande om 23-åringen Lars Kristian Singelstad blir tildelt Rauma kommune sin kulturpris for 2007.

Kommentert og anmeldt av:

**Stein Siem**  
stein.siem@andalsnes-avis.no  
71 22 77 25, mobil: 915 10585